



Statens vegvesen

Likelydande brev – sjå vedlagde liste

Behandlande eining:
Drift og vedlikehold

Sakshandsamar/telefon:
Runa Aaland Eggum / 57655906

Vår referanse:
26/47148-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
24.08.2026

Varsel om oppstart av planarbeid. Reguleringsplan E39 Østenstad.

Statens vegvesen skal i samråd med Sunnfjord kommune i gang med å lage detaljreguleringsplan for det nemnde prosjektet. Vi ber med dette om innspel til arbeidet. Frist for innspel er **19.10.2026**.

Skildring av prosjektet

Statens vegvesen planlegg å utbetre strekninga E39 Moskog-Jølstraholmen. Planarbeidet vil bli delt opp i fleire delstrekningar. Det fyrste reguleringsplanarbeidet som blir sett i gang, og som denne oppstartsmeldinga er gjeldande for, er i tilknytning til Østenstad bru. Dette kjem av at brua har dårlegast standard og står i fare for å få redusert bereevne.

Prosjektet skal sikre framkomst og trafikksikkerheit på strekninga. Eksisterande veg er for smal til gul midtline, har svake vegskuldrar og dårleg vegkurvatur. Strekninga mellom Moskog og Jølstraholmen har siste åra vore utsett for fleire hendingar der store køyretøy og bussar har køyrt av vegen og velta.

Samfunns mål

- Meir trafikksikker veg og redusert tal trafikkulukker. Betre framkome. Betre tilhøva for brukarar av kollektivtransport. Betre forhold for gåande og syklende. Meir for pengane.
- Styrka beredskap og infrastruktur. Tiltaket med Østenstad bru er eit ledd i Statens vegvesen sitt ansvar for å sikra ein robust infrastruktur, kor bruer på viktige europavegar som E39 toler moderne, tunge køyretøy utan avgrensingar. Dette er også viktig i eit militært beredskapsperspektiv.

Postadresse
Statens vegvesen
Drift og vedlikehold
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Kva skal gjerast

Prosjektet planlegg for utbetring av eksisterande E39 med eit breiare tverrprofil samt utskifting av Østenstad bru. Planarbeidet vil også omfatte vurdering av moglegheita for omlegging av elveløp ved Østenstad då elva her går kloss i eksisterande veg. Prosjektet skal også planlegge for utbetring av kollektivhaldeplassar, betre tilhøvet for mjuke trafikantar og vurdere avkøyrsløp og sideterreng på strekninga.

Det er vurdert til at reguleringsplanarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing i høve «Forskrift om konsekvensutredningar». Den skriftlege vurderinga finn du saman med oppstartsvarelet på vegvesen.no.

Oppstartsmeldinga er tilgjengeleg på nettsida til Sunnfjord kommune under «Kunngjeringar»: <https://sunnfjord.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/areal-og-byggesak/arealplan/kunngjeringar/>

og på prosjektsida på vegvesen.no:


<https://www.vegvesen.no/nn/vegprosjekt/europaveg/e39moskogjolstraholmen/>

Planområdet

Planområdet er om lag 59 daa og omfattar om lag 0,7 km av vegstrekninga mellom Østenstad og Eikåsmyrane i Sunnfjord kommune. Vegstrekninga går langs både skog, myr, utbygd areal og dyrka mark. Innanfor planområdet er deler av Den Trondhjemske postveg registrert som sannsynleg trasé.



Figur 1 Oversiktskart planområde i svart markering. Planområdet ligg om lag 14 km aust for Førde i Sunnfjord kommune



Figur 2 Plangrense ved oppstart. Plangrense syner område som er omfatta av planarbeidet og omfattar også areal som kan bli mellombels påverka som rigg- og anleggsområde.

Framdrift og frist for innspel

Vi ber om at de sender synspunkt, innspel eller relevante opplysningar til oss skriftleg innan **19.10.2026** til:

firmapost@vegvesen.no

eller

Statens vegvesen
Pb. 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Merk innspel med saksnummer «26/47148»

Aktuelt regelverk

Dette varselet er sendt ut i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-8. Planen vert utarbeidd etter §§12-3 og 3-7.

Har du spørsmål eller ynskjer å ta ein prat med oss kan du ta kontakt med:

Planleggingsleiar Runa Aaland Eggum

Tlf 95756106 eller

e-post: runa.eggum@vegvesen.no

Prosjektleiar Sonja Irene Rosenlid Fjellkårstad

Tlf 991 65 857 eller

e-post: sonja.fjellkaarstad@vegvesen.no

Prosess

- Etter vi har motteke innspel og merknader i samband med dette oppstartsvarselet vil Statens vegvesen utarbeide forslag til reguleringsplan. Vi håper å ha klar eit forslag i tidleg i 2027
- Forslag til plan vil så bli lagt ut på offentleg høyring, grunneigarar og offentlege etatar vil bli særskilt varsla. Det vil då vere anledning til å gje innspel til planforslaget
- Statens vegvesen går gjennom merknader og utarbeider endeleg forslag til reguleringsplan. Planen vert då sendt til politisk slutthandsaming hjå Sunnfjord kommune
- Kommunestyret i Sunnfjord kommune skal godkjenne reguleringsplan. Vi håper på godkjent reguleringsplan innan utgangen av 2027
- Byggestart er stipulert til 2028
- Reguleringsplan avklarar plassering og utforming av veganlegg og mellombels rigg- og anleggsområde og gir grunnlag for erverv av areal. Arbeid med grunnnerverv startar normalt opp når reguleringsplan er godkjent

Med helsing

Drift og vedlikehold vest, Plan og utbygging 1

Sonja Irene Rosenlid Fjellkårstad

Prosjektleiar

Runa Aaland Eggum

Planleggingsleiar

Vedlegg:

Planområde 1_3000 Ortofoto

Planområde 1_3000 Kart

Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.

Likelydande brev sendt til

Anders Eikås, Eikåsvegen 77, 6847 VASSENDEN

Birgit Sølvi Bjørlo, Flatene 81A, 6814 FØRDE

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD,
Ladebekken 50, 7066 TRONDHEIM

Ellinor Østenstad, Eikåsmyrane 10, 6847 VASSENDEN

Erlend Helge Gjelsvik, Eikåsmyrane 14, 6847 VASSENDEN

Hildegunn Risnes Gjelsvik, Eikåsmyrane 14, 6847 VASSENDEN

Håkon Østenstad, Eikåsmyrane 10, 6847 VASSENDEN

Johannes Nikolai Fleten, FLETENE 59, 6819 FØRDE

Jorunn Hope, Eikåsvegen 77, 6847 VASSENDEN

Jorunn Lunde Fleten, FLETENE 59, 6819 FØRDE

Jølster jakt- og fiskelag, Fellestyret v/ Eilert Årseth, 6847 VASSENDEN

Kari H Østenstad Hojem, SKOGFORVALTER LIES VEG 4, 2611 LILLEHAMMER

Liv Halldis Østenstad, Håvardtunvegen 21A, 6847 VASSENDEN

Magny L Klubben Flaten, Eikåsmyrane 5, 6847 VASSENDEN

Markus Hermansen, Eikåsmyrane 9, 6847 VASSENDEN

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST, Naustdalsvegen 1B, 6800
FØRDE

Otto Leif Østenstad, Resbakken 6, 6819 FØRDE

Reidun Østenstad, Sagevegen 49, 6847 VASSENDEN

Roald Eikås, Eikåsmyrane 1, 6847 VASSENDEN

Roy-Ove Thorsnes Herland, Eikåsmyrane 11, 6847 VASSENDEN

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

SUNNFJORD KOMMUNE, Postboks 338, 6802 FØRDE

Terje Eikås, Eikåsmyrane 20, 6847 VASSENDEN

VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER

Wenche Østenstad, SAGEVEIEN 44, 6847 VASSENDEN